



Arkivnr: 2014/555-37

Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

**Saksframlegg****Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafiksikringsutvalet i Hordaland		02.09.2015

**FTU-midlar til sykkeloplæring. Omdisponering av midlar og tilskotssøknad frå Bergen 2017 AS****Samandrag**

Eit av dei tre særskilte satsingsområda i denne handlingsplanperioden er «Mjuke trafikantar i byområde». Dette satsingsområde inneber difor eit særlig fokus på å redusere talet på ulukker hjå fotgjengarar og syklistar, mellom anna gjennom førebyggjande trafikantretta tiltak.

Som eit ledd i dette har det over mange år vore arrangert «Fylkesfinalen i sykling» for skulelevar på 7. trinn. Dette arrangementet er nemnd som eit eige tiltak i *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017*. Fylkesfinalen i sykling har vore organisert slik at dei skulane som ynskte det kunne gjennomføre ein eigen sykkelkonkurranse for sine elevar (eitt klassetrinn) på vårparten, og deretter fekk beste jente og gut delta på fylkesfinalen i september same året. Det er Trygg Trafikk som har hatt ansvaret, og stått for gjennomføringa av arrangementet. Gjennomføringa av arrangementet har vore ressurskrevjande. I tillegg har det vore få påmeldelser dei siste åra.

I budsjettet for 2015 har Fylkestrafiksikringsutvalet i Hordaland (FTU) sett av 52.500 kr til Fylkesfinalen i sykling. Grunna endringar i ressurssituasjonen hjå Trygg Trafikk våren 2015 vert ikkje arrangementet gjennomført dette året.

Samstundes vert det no, gjennom arbeidet mot Sykkel VM i Bergen i 2017, sett i gang eit nytt opplæringsprogram som heiter «Alle barn sykler» i regi av Bergen 2017 AS. Hausten 2015 startar dette opplæringsprogrammet opp som eit pilotprosjekt i Hordaland, i nokre utvalde kommunar. «Alle barn sykler» har vore gjennomført i andre fylke tidlegare.

Bergen 2017 AS har no søkt Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU) om tilskot på 80.000 kr i 2015, 2016 og 2017.

**Forslag til vedtak**

1. «Fylkesfinalen i sykling» vert lagt ned som arrangement i regi av FTU. FTU ønskjer å vere ein del av arbeidet «Alle barn sykler», og vere med å utvide dette til å gjelde alle kommunane i Hordaland.
2. FTU omdisponerer midlane på 52.500 kr som er sett av til «Fylkesfinalen i sykling» for 2015, til prosjektet «Alle barn sykler», og tildeler desse midlane til Bergen 2017 AS som eit tilskot for 2015.
3. Planlagte midlar som er sett av til «Fylkesfinalen i sykling» i denne handlingsplanperioden vil kunne overførast til prosjektet «Alle barn sykler» ved budsjettandtering i 2016 og 2017, men løyvinga skjer etter årleg søknad.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

#### Fylkesrådmannen, 11.08.2015

##### **Om bakgrunnen for tiltaket Fylkesfinalen i sykling**

Sykkelopplæring for barn er ein del av trafikksikringsarbeidet til fylkeskommunen. Over mange år vore har dette vore teke hand om gjennom «Fylkesfinalen i sykling». Dette arrangementet er nemnd som eit eige tiltak i *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017*:

##### *Fylkesfinalen i sykling*

*FTR har dei siste åra hatt ansvar for å arrangere Fylkesfinalen i sykling. Dette er eit arrangement som Trygg Trafikk tidlegare hadde ansvaret for, og som startar med konkuransar blant elevar på 7. trinn på dei enkelte grunnskulane i fylket. I fylkesfinalen konkurrerer alle deltakarane praktisk – i ei særskilt tilrettelagd sykkelløype – og i teoretiske trafikkspørsmål. FTU ser fylkesfinalen i sykling som eit viktig opplæringstilbod for barn og unge, og vil halde fram med å gjennomføre arrangementet. Det vert totalt sett av kr 250 000 til tiltaket. (henta frå side 21).*

Fylkesfinalen i sykling har vore organisert slik at dei skulane som ynskte det kunne gjennomføre ein eigen sykkelkonkurranse for sine elevar (eitt klassetrinn) på vårparten, og deretter fekk beste jente og gut delta på fylkesfinalen i september same året.

Fylkesfinalen i sykling var eit reint Trygg Trafikk prosjekt fram til 2011, då dáverande Fylkestrafiksikringsrådet (FTR) overtok ansvaret. Saka (15/11) var oppe i FTR den 10. mars 2011:

##### *Sak om "Fylkesfinalen i sykling".*

*Sykkelkonkurranse for 7. klasse. Trygg Trafikk har hatt ansvaret for dette arrangementet tidlegare. Trygg Trafikk avviklar no dette arrangementet. FTR ser at dette arbeidet er viktig og i tråd med trafikksikringsplanen for Hordaland, og den nasjonale trafikksikringsplanen, og ønsker difor å ta over ansvaret for "Fylkesfinalen i sykling". Arrangementet vert arrangert i Bergen (Bergenshallen) kvart år i september.*

Det var distriktsleiaren i Trygg Trafikk som hadde ansvaret for fylkesfinalen. Dette heldt fram også etter 2011, og den einaste skilnaden frå tidlegare var at FTR/FTU då vart fakturert direkte for innkjøpa til arrangementet. Fylkeskommunen hadde ingen del i verken planlegging eller gjennomføring av dagen. Dei siste 4 åra har FTR/FTU brukt om lag 60.000 kr på fylkesfinalen årleg.

##### **Om planane for gjennomføring av Fylkesfinalen i sykling i 2015**

Frå FTU si budsjetsak (PS 5/15) av 04.02.2015:

##### *Fylkesfinalen i sykling*

*Dette er eit årlig arrangement. Det er sett av 52.500 kr til dette basert på midlar brukta tidlegare år.*

Utgangspunktet for gjennomføringa av Fylkesfinalen i sykling i 2015 var at distriktsleiaren i Trygg Trafikk skulle ha ansvaret for fylkesfinalen akkurat slik som tidlegare. Endringane i ressurssituasjonen hjå Trygg Trafikk våren 2015 ført med seg at gjennomføringa av fylkesfinalen i 2015 ikkje let seg gjere.

Basert på tilbakemeldingar frå Trygg Trafikk om fylkesfinalen dei siste åra, så kan det synast som om arrangementet har kravd mykje arbeid og midlar, medan det langsigktige utbyte har hatt lite fokus. I den

forstand at tiltaket var meir «ei happening», enn eit tiltak som bygde oppunder god og kontinuerleg sykkelopplæring for born.

I 2014 melde Trygg Trafikk om at det var lita interesse frå skulane til å delta, og dermed få påmeldte elevar. På eit tidspunkt vart det vurdert å avlyse, men i siste instans vart det nok påmeldte og finalen vart arrangert. Erfaringa frå 2014 med lita interesse var ei stadfesting på det ein har sett dei siste åra.

Å gjennomføre arrangementet har kravd svært mange frivillige, inkludert at ressursar frå Politiet, Statens vegvesen og Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund (ATL). Trygg Trafikk meldte om at det i 2014 var mange av desse som ikkje lenger kunne stille, og at det var vanskeleg å få nok ressursar. Oppsummert så kan dei siste åra sine erfaringar vedkommande fylkesfinalen vere ein indikasjon på at det er tid for ei nytenking rundt sykkelopplæringsprosjekt for born i Hordaland.

### **Sykkelopplæringsprosjektet «Alle barn sykler»**

I samband med sykkel VM i 2017 har ansvarleg organisasjon *Bergen 2017 AS* no sett i gang fleire nye sykkelprosjekt, mellom anna tiltak retta mot born og unge gjennom skular og idrettslag.

Pilotprosjektet «Alle barn sykler» i Hordaland er eit sykkelopplæringsprogram for 5. klassingar i regi av *Bergen 2017 AS*. Målet er å gje tilstrekkeleg opplæring og skape trygghet for barn på sykkel. På dei utvalde klassane/skulane skal:

1. alle kunne sykle (prosjektet skal fange opp dei som ikkje kan sykle)
2. alle bli inkludert (prosjektet tilbyr syklar til barn med nedsett funksjonsevne)
3. alle ha tilgang til eigen sykkel (prosjektet tilbyr lånesykkel til dei som ikkje har eigen sykkel)

Gjennom Kunnskapsløftet vert det stilt krav til skulen om teoretisk og praktisk opplæring om sykling. Trygg Trafikk tilbyr ikkje lengre praktisk opplæring til skuleborn, men er ein viktig samarbeidspartner i høve til mellom anna opplæringsmateriell. Dei lokale sykleklubbane er ein annan viktig samarbeidspart i gjennomføringa av prosjektet med sin kunnskap og erfaring med å lære barn å bli trygg på sykkel og gje dei auka mestringeskjensle.

«Alle barn sykler» har vore utprøvd gjennom fleire år i andre delar av landet, og kan vise til gode resultat når det gjeld tal barn som nytta sykkel som transportmiddel. Programmet vert gjennomført 4 gonger á 2,5 t pr. gong med teori og praksisdel, sykkelkontroll og sykkelprøve. Hausten 2015 vil 700 barn på utvalde skular i kommunane Bergen, Øygarden, Fjell, Askøy og Sund delta. Frå 2016 vil fleire skular få tilbod om å delta. Omfanget er avhengig av tilgjengelege ressursar. Målet til *Bergen 2017* er å få «Alle barn sykler» som eit permanent tilbod til skuleborn i Hordaland. Prosjektet legg opp til ei følgjeevaluering. Hordaland fylkeskommune vert invitert til å delta i ei referansegruppe og ei prosjektgruppe med representantar frå sentrale samarbeidspartnarar. Pilotprosjektet samarbeidar med Trygg Trafikk, Statens vegvesen og lokale sykkelklubbar i tillegg til kommunane.

Dette opplæringsprogrammet vart først starta av organisasjonen "På sykkel i Telemark", og FTU i Telemark har vore ein av samarbeidspartane der. *Bergen 2017 AS* har i brev av 02.07.2015 søkt FTU om tilskotsmidlar inn i prosjektet i Hordaland, med ein søknadssum på 80.000 kr i 2015, 2016 og 2017.

*Bergen 2017 AS* har også søkt Hordaland fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga i brev av 02.07.2015 om ei støtte på kr 100.000 for hausten 2015 (eitt skulehalvår - totalbudsjett kr 605.000), og kr 200.000 for 2016 og 2017 (2 skulehalvår - totalbudsjett kr 1.150.000). Denne saka vert lagt fram for politisk handsaming i august/september 2015.

*Bergen 2017 AS* opplyser at i tillegg bidreg kommunane, private aktørar og Norges Cykleforbund med finansiering.

### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Ettersom det mangeårige tiltaket Fylkesfinalen i sykling i år ikkje vil verte gjennomført, og etter fylkesrådmannen sitt syn bør avsluttast, så kan prosjektet «Alle barn sykler» vere eit fullgodt alternativ. Midlane som er sett av i handlingsplanen til Fylkesfinalen i sykling vil kunne overførast til prosjektet «Alle barn sykler» ved budsjettetthandtering i 2016 og 2017, men løvyinga vil skje etter årleg søknad. Det er i denne samanhengen viktig at FTU får rapportert kva som er gjort det føregåande året, og kva planar som ligg føre. Særleg har dette samanheng med at FTU ønskjer at flest mogleg kommunar skal kunne få tilbodet om «Alle barn sykler».

Etter fylkesrådmannen sitt syn så kan dette sykkelopplæringsprosjektet vere eit godt prosjekt for FTU å knyte seg til. Ein føresetnad bør vere at midlar frå FTU vert nytta til å gje flest mogleg kommunar i Hordaland dette tilbodet, og at det slik sett ikkje vert eit særleg fokus på Bergen kommune.

Fylkesrådmannen meiner vidare at «Alle barn sykler» kan bidra til å nå mål i fleire regionale planar (folkehelse, klima og kultur), i den nasjonale sykkelsatsinga og Bergensprogrammet.

Prosjektet vil også kunne vere med å løfte samarbeidet mellom avdelingane i fylkeskommunen, og på den måten tenkte meir heilskapleg.

Midlane på 52.500 kr som i 2015 er sett av til Fylkesfinalen i sykling vil ikkje vert nytta i år, så fylkesrådmannen rår difor til at desse midlane vert omgjort til eit tilskot til «Alle barn sykler» i 2015.